

Imponerende huskonsert

01.11.2009



Nye og "gamle" i skulekorpset: Frå venstre sit Eirin K. Rørheim, Sondre S. Myklebust, Merete Myklebust, Frida Nybakk og Martin Y. Røssland. Dei tre siste er ferske i korpset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Huskonserten til skulekorpset i Aktivitetshuset søndag ettermiddag vart ein fulltreffar både musikalsk og med omsyn til framføre av publikum.

Rundt rekna 120 var i salen når også musikantene vert rekna med og ei klarere understreking av at bygda sluttar opp om skulekorpset sitt kan ein knapt forlanga.



Rundt rekna 120 kom på huskonserten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Korpset på si side kvitterte med fire nummer som sat som innertiarar. Skulemusikken under Anders Christensen

si sikre leiing har verkeleg nådd eit nivå som inponerar, særleg når ein veit at fem av dei 20 er nybegynnarar og gjekk inn i korpset så seint som i august i år!

Det var aller første gongen dei fem spela i ein konsert. Dei er hornistane Ann Helen Rød og Anine Enes og kornettistane Merete Myklebust, Frida Nybakk og Martin Y. Røsland.

Når ein dessutan veit at det er øving berre ein gong i veka (og det er lite samanlikna med skulekorps flest) blir resultatet enda meir imponerande.



Vegard Døsland er ein lovande musikal som set sitt sterke preg på korpset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I Aktivitetshuset i dag hadde korpset også eit helgeseminar bak seg og stilte i topptrim. Dei opna med irske folketonar: Sally Gardens med Birgitte Hjelmeland og Bjørn Naterstad som solistar. Det andre nummeret var Månemannen av Vamp og utifrå prestasjonane var det ikkje unaturleg at dette også vart ekstranummeret. Men også Ave Maria og Waterloo stod på repertoaret og det er difor ingen grunn til å klage på den musikkhistoriske spennvidda!

Thor Inge Døsland var en dyktig programleiar, som tradisjonen tilseier. Han hadde ei verkeleg gladmelding å koma med, i tillegg til sjølve konserten: For første gong har korpset fått eit tilskot frå instrumentfondet til musikkorps-forbundet.

Tilskotet er på 50.000 kroner og det aller meste av pengane skal gå til utstyr for slagverkgruppa. Dei 4 i gruppa fortener betre og meir utstyr. Men også dei med blåseinstrument skal få ein slant.

Døsland hadde i tillegg ei viktig oppmoding: Gløym ikkje Grasrotandelen til Norsk Tipping! Sørg for at pengane ikkje går attende til NT!

Etter sjølve konserten var det overdådig servering frå eit kake- og dessertbord.

Det vart alt i alt eit verkeleg triveleg treff og eit prov på kva vi har i vente frå korpset si side seinare i sesongen!

Av Ola Matti Mathisen



Eit overdådig dessert- og kakebord avrunda huskonserten. (Foto: Ola Matti Mathisen)